

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/631 - 20/16668

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
26.03.2020

## Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 338/76 Refskar

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: 338/76  
**Tiltakshavar:** Rune Lekven Skår

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på opparbeiding av veg innan rett tid den 24.03.2020.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte med foreløpig dato den 29.04.2020. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak frå areal, plan og miljø datert 11.03.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert behandla uavhengig av sjølve klagebehandlninga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealformål og byggeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr 338/3 fram til naust på gbnr 338/76. Det ligg ikkje føre søknad om løyve til tiltaka på noverande tidspunkt.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsatt iverksetjing av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga har administrasjonen lagt særleg vekt på at tiltaket er relativt stort, ligg i strandsona og vil medføre langvarige sår i terrenget om det må tilbakeførast. Ein eventuell tilbakeføring vil og vera inngripande og eit vedtak om utsatt iverksetjing vil få mindre konsekvens for tiltakshavar.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, miljø i møte den 11.03.2020.

På denne bakgrunn vert det gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon for omsøkte tiltak.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Rune Lekven Skår

Ådlandsvegen 905

5919

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER